



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.: «REF»

Vår dato: 24.09.2018  
Vår ref.: 2018/1996  
Arkivnr.: 432.1

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«KONTAKT»

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Lokal/sentral høyring av framlegg til frivillig skogvern - Vedvika, Vindafjord kommune

Grunneigar i Vedvika, gnr./bnr. 254/3, i Vindafjord kommune, Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Fylkesmannen i Rogaland sender med dette framlegg til vernegrense og verneforskrift for Vedvika naturreservat på samordna lokal/sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningsliner for verneprosessar etter naturmangfaldlova. Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 24. november 2018.

### Bakgrunn

Ved Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrappinga av vernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. Nr 14 (2015-16).

I meldingane vert frivillig vern nemnt som hovudstrategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigarane sjølv tilbyr staten vern av eige skogkledt areal. Formål med ordninga er å verne om eit representativt utval skog for framtida i Noreg, både vanleg og sjeldan/truga skog.

Fylkesmannen i Rogaland, etter tilbod frå grunneigarane i Vedvika, sender med dette ut framlegg om å oppretta Vedvika naturreservat.

Opprettinga av vern gjennom naturreservat er heimla i naturmangfaldlova § 34, jfr. § 37 og § 62. Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet med tilhøyrande verneforskrift. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

## Sakshandsaming

I brev av 21. februar 2018 sende Vestskog, på vegne av grunneigar på gnr/bnr 254/3 i Vindafjord kommune tilbod om frivillig vern til Fylkesmannen som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Naturfaglege undersøkingar vart gjennomført av John Inge Johnsen (FM), John Bjarne Jordal og Lars Dalen i 2008.

I samråd med Vestskog og Miljødirektoratet om grunnlaget for verneprosessen sende Fylkesmannen ut melding om oppstart av frivillig vern av skog 16. mars 2018. Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, og desse er samanfatta i vedlagt notat.

Verneframlegget omfattar nå gnr.bnr. 254/3.

Fylkesmannen vil samanfatta den samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil så venteleg gje sitt framlegg til kongeleg resolusjon i statsråd.

## Naturverdiar

Framlegget til naturreservat utgjer ein gamal boreal lauvskog som inkluderer velutvikla regnskog og rik sumpskog. Området strekker seg frå statleg sikra friluftssareal langs strandsona opp til FV. 543. Området er total på om lag 46 daa, på hovudsakeleg fyllittiske bergartar.

Område ligg i sørboreal vegetasjonssone og floraen er prega av eit sterkt oseanisk innslag. Boreale lauvtre dominerer miljøet med innslag av bjørk, rogn og selje, men også edellauvtre som hassel, svartor og ask (VU). Undervegetasjonen er dels dominert av blåbær, gras og (ned mot bekken) finst ein del høgstaudar. I den boreale regnskogen er kombinasjonen av rogn og hassel ein sterk indikator for eigna substrat for særskilde epifyttar knytt til denne naturtypen. Fleire fuktkevrande artar er funnen i området, blant anna gul buktkrinslav (EN) (12 observasjonar), kystskriftlav (VU), skoddelav (NT), orelav, bitterlav, *Arthonia arthonioides*, kysttvebladmose, fjordtvebladmose, dvergperlemose, kystsigdmose, sigdnervemose, mjuk musslingsopp og orekjuke. Det oseaniske elementet blir ytterlegare understreka av kristtorn og slakkstorr. I tillegg er funnet av *Hypotrachyna aff. taylorensis* (Johnsen & Tønsberg, 2016) den einaste kjende registreringa i Skandinavia.

## Andre tilhøve

Det er ikkje gjort registreringar av framande artar innanfor forslag til verneavgrensing. Mot vest grensar verneområdet til eit mindre produksjonsfelt med gran.

Området har ikkje vore i landbruksdrift i nyare tid. I forslag til forskrift vert beitebruk ikkje inkludert grunna dei høge nasjonale og internasjonale naturverdiane. Ein regnskog av denne typen er bustad for mange artar som krev jamt høg luftråme. Beite vil påføre ein tynning og lufting av skogen gjennom reduksjon av mark og busksjikt. Dette vil endra mikroklima for dei spesielle artane verne ynskjer å hegna om. I tillegg vil beitedyr i blaut sumpskog gje større skader på skogsbotn med påfølgjande uønskte endringar i skogsdynamikk.

Ferdselsåra, FV. 543, ligg utanfor verneområdet så det vil ikkje påverke andre landbruksaktivitetar i område.

Strandområdet er i dag eit statleg sikra friluftssareal. I forslag til forskrift er det opna for parkering på angitt stad ved fylkesveg 543, og tilkomst til stranda via kartfesta veg. Det er opna for skjøtsel og vedlikehald av statleg sikra friluftsområde.

Språkrådet har opna ein namnesak om offisiell skrivemåte av stadnamnet Vedvik. Fylkesmannen følger språkrådet si tilråding om å nytta førebels namn Vedvika til primærnamn-saka er slutført.

Saka har vore til samordning mellom Fylkesmannen sine avdelingar for landbruk og miljøvern.

### Praktisk om høyringa

Vedlagt følgjer framlegg til vernegrense på kart og framlegg til verneforskrift for naturreservat.

Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 24. november 2018. Eventuelle fråsegn skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, pb. 59, 4001 Stavanger. E-post kan også nyttast: [fmroepost@fylkesmannen.no](mailto:fmroepost@fylkesmannen.no).

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Einar Heegaard  
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Einar Heegaard  
Saksbehandlar telefon: 51568872  
E-post: [fmroeh@fylkesmannen.no](mailto:fmroeh@fylkesmannen.no)

#### Adresseliste:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGI-DIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
Kartverket	pb. 600 sentrum	3507	HØNEFOSS
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Vestskog SA			
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 8140 Dep	0033	OSLO
SKOGSELSKAPET I ROGALAND	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVD. ROGALAND	Postboks 372	4379	EGERSUND
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE DIREKTORATET FOR	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
VINDAFJORD KOMMUNE	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN
STIFTELSE WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
ROGALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO

NORGES TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
NATURVERNFORBUNDET I ROGALAND	Postboks 441	4002	STAVANGER
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Statens vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
SABIMA	Postboks 6784 St. Olavs plass	0130	OSLO
KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS-DEPARTEMENTET	Postboks 8112 DEP	0032	OSLO
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
ROGALAND BONDE & SMÅBRUKARLAG	Kyllesveien 59	4308	SANDNES
NORSK BOTANISK FORENING AVD. ROGALAND	c/o Svein Imsland Gjerdehagen 58	4027	STAVANGER
KOMMUNENES SENTRALFORB M & R	c/o Fylkeshuset Julsundvegen 9	6412	MOLDE
HAUGALAND KRAFT NETT AS	Postboks 2015	5504	HAUGESUND
UNIVERSITETET I STAVANGER	Postboks 8600 Forus	4036	STAVANGER
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
SPRÅKRÅDET, Stadn.t. på Vestlandet	Postboks 8107 DEP	0032	OSLO
Postmottak Miljødirektoratet			
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Severin Myrbakken	Opphusveien 99	2450	Rena
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 313	4291	KOPERVIK
ROGALAND			
Klara Marie Espenes	Bautavegen 38	5584	Bjoa
FRILUFTSRÅDET VEST	Postboks 63	5575	AKSDAL